

*Pia Skare Rønnevik*

**Undersøking om foreldrebetaling i barnehager,  
januar 2009**

---

*Rapportar* I denne serien vert det publisert statistiske analysar, metode- og modellbeskrivingar frå dei einskilde forskings- og statistikkområda. Også resultat av ulike enkeltundersøkingar vert publisert her, oftast med utfyllande kommentarar og analysar.

© Statistisk sentralbyrå, juni 2009	<b>Standardteikn i tabellar</b>	<b>Symbol</b>
Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen skal Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde.	Tal er umogleg	.
	Oppgåve manglar	..
	Oppgåve manglar førebels	...
	Tal kan ikkje offentleggjerast	:
	Null	-
ISBN 978-82-537-7609-5 Trykt versjon	Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
ISBN 978-82-537-7610-1 Elektronisk versjon	Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
ISSN 0806-2056	Førebels tal	*
Emne: 04.02.10	Brot i den loddrette serien	—
	Brot i den vassrette serien	
Trykk: Statistisk sentralbyrå	Desimalskiljeteikn	,

## Samandrag

Denne rapporten er laga av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. SSB har i oppdrag å gjennomføre ei undersøking av foreldrebetalinga for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar i januar og august kvart år. Undersøkinga er no basert på ei totalteljing av alle kommunane i landet. Data frå kommunane blir henta inn elektronisk gjennom det nasjonale informasjonssystemet KOSTRA (Kommune-STAT-Rapportering). Det er likevel fråfall ved kvar rapportering, og bak endringstala i årets rapport ligg det 397 av 428 kommunar til grunn. Opplysningar frå dei private barnehagane blir framleis henta inn postalt frå eit representativt utval barnehagar og omfattar i stor grad dei same spørsmåla som til kommunane. Datainnsamlinga blir gjennomført i både januar og august kvart år. Det blir laga ein rapport i året basert på data per januar og arbeidet med datamaterialet vil bli avslutta i juni kvart år.

Gjennomsnittlege månadssatsar utan kostpengar og tilleggsutgifter for fulltidsopphald i kommunale barnehagar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner, er på landsbasis høvesvis **2 113**, **2 265** og **2 291** kroner per januar 2009. Minimumssatsen ligg i gjennomsnitt på **1 596** kroner, medan maksimumssatsen er **2 293** kroner. 331 av dei 397 kommunane i prissamlikninga, det vil seie om lag 84 prosent, har ein maksimumssats som ligg på sjølv maksimalsatsen på **2 330** kroner. Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 og 375 000 kroner viste ingen endring frå januar 2008, medan det for årsinntekt på 500 000 kroner var ein marginal nedgang på 0,2 prosent.

Av dei 428 kommunane som har rapportert betalingssatsar per januar 2009 nyttar 24 prosent eit system for inntektsgraderte satsar, det vil seie satsar som er avhengig av hushaldet si inntekt. Flest kommunar har såkalla "flate" betalingssatsar. Alle kommunane byr syskenmoderasjon for hushald med to eller fleire barn i barnehage. 86 prosent av kommunane gir opp at dei private barnehagane i kommunen nyttar dei same moderasjonsordningane. Om lag 90 prosent av kommunane som har kommunale barnehagar gjer opp at dei ikkje inkluderer kostpengar i sjølv opphaldsbetalinga, men at dei blir kravd inn separat.

72 prosent av dei private barnehagane i utvalet gir opp at dei nyttar ein maksimumssats som følgjer fastsett maksimalsats på **2 330** kroner. 22 prosent av dei private barnehagane gjer opp at dei byr inntektsgraderte satsar. Alle barnehagane byr på syskenmoderasjon for hushald med to eller fleire barn.

Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar utan kostpengar og tilleggsutgifter er på landsbasis **23 318** kroner per januar 2009.

## Innhald

<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>1. Generelt om undersøkinga</b> .....	<b>5</b>
1.1. Om tabellane .....	5
1.2. Definisjonar .....	6
1.3. Generelle merknader.....	6
<b>2. Betalingssatsar i kommunale barnehagar</b> .....	<b>8</b>
2.1. Månadssatsar på landsbasis .....	8
2.2. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner .....	8
2.3. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner .....	9
2.4. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner .....	9
2.5. Minimum og maksimum betalingssatsar .....	9
2.6. Årsbetaling på landsbasis .....	9
2.7. Inntektsgradering.....	10
2.8. Friplass/rabattordningar .....	11
2.9. Syskenmoderasjon .....	11
2.10. Private barnehagar i kommunane .....	11
2.11. Talet på betalingsmånader .....	12
2.12. Kostpengar og tilleggsutgifter .....	12
2.13. Eigne betalingssatsar for barn under 3 år .....	12
<b>3. Betalingssatsar i private barnehagar</b> .....	<b>13</b>
3.1. Månadssatsar og årsbetaling etter region og på landsbasis .....	13
3.2. Inntektsgradering.....	14
3.3. Friplass/rabattordningar .....	14
3.4. Syskenmoderasjon .....	14
3.5. Talet på betalingsmånader .....	14
3.6. Kostpengar og tilleggsutgifter.....	14
3.7. Eigne betalingssatsar for barn under 3 år .....	14
<b>4. Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar</b> .....	<b>15</b>
<b>Vedlegg: Tabellar</b> .....	<b>16</b>
<b>Figur- og tabellregister</b> .....	<b>24</b>

## 1. Generelt om undersøkinga

Denne rapporten er laga av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. SSB har i oppdrag å gjennomføre ei undersøking av foreldrebetalinga for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar i januar og august kvart år. Undersøkinga er no basert på ei totalteljing av alle kommunane i landet. Data frå kommunane blir henta inn elektronisk gjennom det nasjonale informasjonssystemet KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Det er likevel fråfall ved kvar rapportering, og bak endringstala i årets rapport ligg det 397 av 428 kommunar til grunn. Opplysningar frå dei private barnehagane blir framleis henta inn postalt frå eit representativt utval barnehagar og omfattar i stor grad dei same spørsmåla som til kommunane. Datainnsamlinga blir gjennomført i både januar og august kvart år. Det blir laga ein rapport i året basert på data per januar og arbeidet med datamaterialet vil bli avslutta i juni kvart år.

Undersøkinga og rapporten omhandlar fulltidsopphald for barn over 3 år i kommunale og private barnehagar.

Kommunane vart bedne om å gje følgjande opplysningar om kommunale barnehagar per januar 2009:

- betalingssatsar,
- talet på timar per veke for fulltidsopphald,
- moderasjon for andre og tredje sysken samt talet på barn med syskenmoderasjon,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- eventuelle tilleggsutgifter til for eksempel turar eller andre aktivitetar,
- talet på betalingsmånader,
- om dei nyttar eigne betalingssatsar for barn under 3 år,
- eventuelle rabatt-/friplassordningar,
- om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.

Kommunane med inntektsgraderte satsar må gje opp betalingssatsar for ulike førehandsdefinerte inntektsintervall. Disse kommunane må også gje opp betalingssatsar på dei tre inntektsnivåa 250 000, 375 000 og 500 000 kroner, i tillegg til minimums- og maksimumssatsar.

SSB gjer merksam på at betalingssatsar innan eit utval inntektsintervall samt informasjon om mellom syskenmoderasjon vart publisert på kommunenivå gjennom KOSTRA og frigjort på internett; [www.ssb.no/kostra](http://www.ssb.no/kostra) 16. mars 2009 (ureviderte tal). Revidert datamateriale vart publisert på same sted 15. juni 2009. Vekta gjennomsnittstal på fylke og landsnivå blir berre publisert gjennom denne rapporten og ikkje gjennom KOSTRA.

Betalingsatsar frå dei private barnehagane blir henta inn frå eit utval på om lag **220** private barnehagar som er trekte frå dei fem regionane Austlandet, Agder/Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg.

### 1.1. Om tabellane

Dei fire første tabellane omhandlar betalingssatsar og betalingsreglar for kommunale barnehagar og tabell A5 omhandlar private barnehagar. I undersøkinga er gjennomsnittssatsane vekta.

*Tabell A1 Oversiktsdata for undersøkinga.* Tabellen gir ei fylkesvis oversikt over førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon og andre moderasjonsordningar, kostpengar og om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.

*Tabell A2a Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt.* Tabellen inneheld gjennomsnittlege månadssatsar etter fylke og på landsbasis for januar 2008 og januar 2009, og prosentvis endring i månadssatsane.

*Tabell A2b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt.* Tabellen inneheld gjennomsnittstal for årsbetalinga etter fylke og på landsbasis for januar 2008 og januar 2009, og prosentvis endring i årsbetalinga. Årsbetalinga er ein utrekna storleik gitt at vilkåra for januar blir haldne uendra.

*Tabell A3 Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt, 1992-2009.* Tabellen inneheld utviklinga i månads- og årsbetaling frå januar 1992 til januar 2009. Gjennomsnittssatsane for januar 2009 og tilbake til januar 2002 er vekta. Tidlegare vart gjennomsnittsutrekningar gjort med simpelt snitt.

*Tabell A4 Oversiktdata for kommunale barnehagar. 2007-2009.* Tabellen gir ein oversikt over utviklinga i nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon og andre moderasjonsordningar, kostpengar og om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.

*Tabell A5 Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar.* Tabellen inneheld gjennomsnittleg månads- og årsbetaling for hushald med barn i privat barnehage for januar 2008 og januar 2009, samt prosentvis endring i satsane.

## 1.2. Definisjonar

Undersøkinga måler månadssatsar for fulltidsopphald over 41 timer per veke.

Definisjonar på fulltidsopphald kan variere mellom kommunar og mellom barnehagar innan kommunane. Kommunen må gje opp talet på timar per veke for den fulltidsordninga som ligg nærmast definisjonen ovanfor og som flest barn nyttar.

Inntektsgraderte betalingssatsar er betalingssatsar som er avhengig av foreldra si inntekt. Dette omfatte ordningar med redusert foreldrebetaling/friplassar gjennom barnehagens ordinære betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling/friplassar gjennom andre organ fell utanfor definisjonen.

Friplass er det som kommunane til kvar tid definerer som friplass. Den kan vere gjennom barnehagen sitt ordinære betalingssystem eller andre organ i kommunane. Ulike vilkår kan liggje til grunn for friplassane.

Minimumssats er den lågaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalings-system. Minimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

Maksimumssats er den høgaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalings-system. Maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

Tilleggsutgifter er utgifter for ulike aktivitetar og arrangement som i mange tilfelle kan tilkome utover sjølve opphaldsbetalinga og kostpengar.

## 1.3. Generelle merknader

Rapporten gir prisar hovudsakleg for barn over 3 år same kva type barnehage (vanleg barnehage, familiebarnehage).

Gjennomsnittlege månadssatsar og utrekna årsbetaling på dei ulike inntektsnivå i tabellane for dei kommunale barnehagane har bakgrunn i punktobservasjonar for inntektsnivåa som blir nytta og ikkje intervalla. Gjennomsnittleg årsbetaling som

*ikkje* er knytt til eit spesifikt inntektsnivå (sjå kapittel 4) er utrekna på grunnlag av betalingsattsar gjeve opp i førehandsdefinerte inntektsintervall slik at heile betalingsystemet i større grad blir fanga opp i dette gjennomsnittstalet. Gjennomsnittlege månadssattsar og utrekna årsbetaling i dei private barnehagane er basert på betalingsattsar gjeve opp i førehandsdefinerte inntektsintervall.

I kommunar med inntektsavhengig foreldrebetaling *kan* det liggje ulike definisjonar av inntekt til grunn for fastsetjing av foreldrebetalinga. I tillegg har kommunane svært ulike system i forhold til kost og kostpengar. I den grad det er mogleg blir kostpengar skilt ut frå månadssatsen. Men i nokre tilfelle er kostpengar inkludert i månadssatsen og derfor ikkje mogleg å skilje ut. Dette fører til at samanlikningar av takstnivå er vanskelig, men med mindre uvisse dess høgare nivå vi gjer samanlikningar på. Etter at Stortinget innførte maksimalgrense på foreldrebetaling 1. mai 2004 blir satsane i stor grad endra i samsvar med endringar i denne maksimalsatsen. Satsane og vilkåra i denne undersøkinga er dei som gjaldt i januar 2009.

Per januar 2008 og januar 2009 vart det henta inn informasjon frå ei tilnærma totalteljing av kommunane i landet. I januar 2008 var det 399 kommunar som leverte data igjennom KOSTRA, medan i januar 2009 var det 428 kommunar som leverte. 397 av desse observasjonane ligg til grunn for berekningar som omfattar endringstal i denne rapporten.

SSB gjer merksam på at nokre data frå tidlegare målingar kan ha vorte endra i ettertid som ei følgje av nye opplysningar. Gjennomsnittssatsane for januar 2009 og tilbake til januar 2002 er vekta, i motsetnad til tidlegare gjennomsnittsutrekningar som har vorte gjort med simpelt snitt. Gjennomsnittstala i tabellane kan derfor avvike noko frå kva som har vorte publisert tidlegare.

Talet på betalingsterminar vil i denne rapporten vera knytt til noko større uvisse enn tidligare da spørjinga om talet på betalingsterminar blei borte frå det elektroniske skjemaet. Frå erfaring gir kommunar opp mindre endringar i talet på betalingsterminar frå undersøking til undersøking.

## 2. Betalingssatsar i kommunale barnehagar


### 2.1. Månadssatsar på landsbasis

Med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner er dei gjennomsnittlege månadssatsane utan kostpengar og andre tilleggsutgifter for fulltidsopphald i kommunale barnehagar på landsbasis høvesvis **2 113**, **2 265** og **2 291** kroner per januar 2009. Satsane med brutto årsinntekt på 250 000 og 375 000 kroner er høvesvis like i januar 2009 og i januar 2008. Satsane med brutto årsinntekt på 500 000 kroner ligg 0,2 prosent lågare i januar 2009 enn i førre periode. Minimumssatsen utan kostpengar er i gjennomsnitt **1 596** kroner per januar 2009, medan maksimumssatsen er **2 293** kroner i same periode. Tala er illustrerte i tabell A2a i vedlegget. Gjennomsnittleg månadssats på landsbasis for hushald med *to* barn i kommunal barnehage ligg på høvesvis **3 547**, **3 800** og **3 844** kroner med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner.

### 2.2. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner

For hushald med ei årsinntekt på 250 000 kroner er *høgaste* betalingssats på **2 330** kroner, som er maksimalsatsen fastsett av Stortinget per januar 2007. Høg betalingssats for låginntektsgrupper kan mellom anna ha samanheng med betalingssystemet kommunane har valt. Kommunane innan desse fylka nyttar i liten grad betalingssatsar som er avhengige av inntekta til hushaldet. Difor er det liten prisskilnad for ein barnehageplass same kva hushaldet tener. Tilsvarande blir prisen for barnehageplassar for foreldre med låg inntekt lågast i fylka som er prega av inntektsavhengige satsar. *Lågaste* betalingssatsar har Vest-Agder med **1 823** kroner, Akershus med **1 826** kroner og Vestfold med **1 851** kroner. Tala er illustrerte i figur 2.1, samt i tabell A2a i vedlegget.

Figur 2.1. Gjennomsnittlege månadssatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 250 000 kroner. Januar 2009






### 2.3. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner

Betalingssatsar for hushald med årsinntekt på 375 000 kroner ligg på **2 250** kroner eller over med berre unntak for fylka Oslo, Buskerud, Vestfold, Aust-Agder og Rogaland, sjå figur 2.2.

Figur 2.2. Gjennomsnittlege månadssatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. Januar 2009



### 2.4. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner

Variasjonen i foreldrebetalinga mellom fylka er mindre dess høgare inntektsnivået er. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner er den *lågaste* betalingssatsen registrert i Aust-Agder med **2 178** kroner, sjå tabell A2a i vedlegget.

### 2.5. Minimum og maksimum betalingssatsar

Satsane som blir omtalt i dette avsnittet er lågaste og høgaste gjennomsnittlege månadssatsar for dei ulike fylka og er illustrerte i tabell A2a. Minimums- og maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune. Det er store variasjonar i foreldrebetalinga avhengig av om kommunane nyttar inntektsgradering i betalingssystemet. Dei *lågaste* minimumssatsane har Oslo og Akershus med høvesvis **639** og **943** kroner. Møre og Romsdal, Nordland og Nord-Trøndelag har dei *høgaste* minimumssatsane med betalingssatsar like oppunder fastsett maksimalsats på **2 330** kroner.

331 av dei 397 kommunane i prissamanlikninga, det vil seie 84 prosent, har ein maksimumssats som ligg på sjølve maksimalsatsen på **2 330** kroner.

### 2.6. Årsbetaling på landsbasis


Forutan månadssatsane er storleiken på årsbetalinga for *eit* barn i barnehage avhengig av kostpengar og andre tilleggsutgifter og talet på betalingsmånader. Med brutto årsinntekt på 250 000 kroner er årsbetalinga på landsbasis for hushald med *eit* barn i barnehage i gjennomsnitt **25 050** kroner i januar 2009, 0,5 prosent høgare enn i januar 2008. For hushald med brutto årsinntekt på 375 000 og 500 000 kroner er årsbetalinga med *eit* barn i barnehage i gjennomsnitt høvesvis **26 713** og **27 003** kroner. I forhold til same inntektsnivå ligg årsbetalingane berre marginalt høgare i januar 2009 enn i januar 2008. Tala er illustrerte i tabell A2b i vedlegget.

Årsbetalinga for *to* barn er i tillegg til dei faktorane nemnt ovanfor, avhengig av storleiken på syskenmoderasjonen. For tilsvarende bruttoinntekter er årsbetalinga på landsbasis for hushald med *to* barn i barnehage i gjennomsnitt høvesvis **42 624**, **45 405** og **45 881** kroner. Årsbetalinga i dei tre inntektsnivåa ligg i underkant av 1 prosent høgare i januar 2009 i forhold til satsane i januar 2008.

## 2.7. Inntektsgradering

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal ha ordningar som kan by barnefamiljar med lågast betalingsevne ein reduksjon i eller fritak for foreldrebetaling. Men kommunane er sjølv fri til å avgjere om dei ønskjer å by inntektsgradering i dei kommunale barnehagane og det viser seg at dei fleste kommunane nyttar eit system med såkalla "flate" betalingssatsar, det vil seie satsar som ikkje er differensiert etter hushaldet si inntekt. 322 av 428<sup>1</sup> kommunar, det vil seie omlag 75 prosent av kommunane som har rapportert, nyttar "flate" månads-satsar. Dei andre 102 kommunane (det vil seie 24 prosent) har inntektsgraderte betalingssatsar definert innafør sitt ordinære betalingssystem. 4 kommunar har gratis barnehagetilbod. 18 kommunar gjer opp at dei nyttar eit system for flate satsar, men på same tid gjer opp at dei byr friplassar innafør sitt ordinære betalingssystem. Desse kommunane er ikkje med i talet for kommunar med inntektsgraderte satsar. Det er stor variasjon i korleis inntektsgraderinga er utforma, både når det gjeld kva for inntekt det referer til, kor høg inntekt ein kan ha og storleiken på reduksjonen.

**Figur 2.3. Talet på kommunar som byr inntektsgraderte betalingssatsar etter hushaldet si samla brutto årsinntekt. Januar 2009**



Figur 2.3 viser som forventat at det er mest vanleg med satsreduksjon for hushald med dei lågaste inntekta. Det er viktig å merke seg at satsane er henta inn på førehandsdefinerte inntektsintervall, dermed er det mogleg at kommunane kan nytta fleire trinn i sitt system for inntektsgradering enn kva tala ovanfor viser.

Det er store regionale skilnader når det gjeld bruk av inntektsgraderte satsar. Oslo kommune nyttar graderte satsar, og i Akershus fylke er det berre ein som ikkje byr graderte satsar. I Rogaland, Vestfold og Telemark byr over halvparten eller fleire av kommunane inntektsgradering. I tillegg er det mange kommunar i Agder fylka, Oppland og Buskerud som bruker inntektsgradering. I fylka Nordland og Troms er det ingen kommunar som rapporterer at dei nyttar inntektsgradering. Det er også lite utbreidd i Hordaland, Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag. Resultata viser òg at det er i dei fylka kor det er mest utbreidd med inntektsgradering at storleiken på

<sup>1</sup> 4 kommunar som har gratis barnehagetilbod blir rekna med her.

reduksjon er størst. Samla sett av alle kommunane med inntektsgraderte satsar utgjer den lågaste betalingssatsen for hushald med årsinntekt under 150 000 kroner om lag 37 prosent av maksimal sats i desse kommunane.

Det er særleg dei større kommunane som nyttar inntektsgraderte satsar. Blant dei 30 mest folkerikaste kommunane (talet på innbyggjarar over 27 000) nyttar om lag 60 prosent av kommunane inntektsgradering. Av dei 100 minste kommunane (talet på innbyggjarar under 2 074) er situasjonen det motsette, berre 8 prosent av kommunane nyttar graderte satsar. Dette resulterer i at godt under halvparten av alle barn i kommunale barnehagar tilhør ein kommune som byr inntektsgradering.

33 av 428 kommunar gjer opp at dei byr friplassar gjennom det ordinære betalings-systemet, men 18 av desse gjer på same tid opp at dei nyttar flate betalingssatsar. 8 kommunar gjer opp friplass som den betalingssatsen som flest barn nyttar for hushald med årsinntekt under 150 000 kroner.

Ein del kommunar definerer sine inntektsgrenser målt i kroner, medan andre definerer dei i samsvar med grunnbeløpet i Folketrygda. Ettersom grunnbeløpet blir oppjustert kvart år, vil eit hushald med konstant inntekt før eller sidan få lågare opphaldsbetaling.

## 2.8. Friplass/rabattordningar

Kommunane har ulik praksis med omsyn til bruk av friplassar. 8 prosent av kommunane gjer opp at dei byr friplassar spesifisert i barnehagen sitt ordinære betalingssystem. 75 prosent av kommunane byr friplass etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor, medan 54 prosent av kommunar byr moderasjonsordningar (reduisert foreldrebetaling) utanfor barnehagen sitt ordinære betalingssystem. 33 kommunar gjer opp at dei har inga rabattordning forutan regelbunden syskenmoderasjon. Fire kommunar har vedteke å by gratis barnehageplass til alle.

## 2.9. Syskenmoderasjon

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal by i minimum 30 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 2 og minimum 50 prosent for barn nr. 3 eller fleire. Per januar 2009 byr alle kommunane syskenmoderasjon. 67 prosent av kommunane nyttar syskenmoderasjon på 30 prosent for barn nr. 2, men fleire kommunar gir likevel meir i syskenmoderasjon - det er 24 prosent av kommunane som gir 50 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 2. Det er 5 kommunar som byr moderasjon under 30 prosent. Ingen nyttar moderasjon over 50 prosent for barn nr. 2.

I dei aller fleste kommunane aukar syskenmoderasjonen med talet på barn. 92 prosent av kommunane byr 50 prosent eller meir for barn nr. 3. Det er 7 kommunar som nyttar 100 prosent syskenmoderasjon medan 27 kommunar nyttar ein sats under 50 prosent. I hovudsak gir kommunane ikkje syskenmoderasjon på kostpengar.


Det kan vere av interesse å vite kor mange barn som får syskenmoderasjon i dei kommunale barnehagane. Per januar 2009 er det på landsbasis ca. 16 prosent av barna i dei kommunale barnehagane som får syskenmoderasjon som barn nr. 2, prosentdelen er langt lågare som barn nr. 3 med i underkant av 1 prosent. Ein mulig forklaring på den låge delen som barn nr. 3 kan ha samanheng med at familiar som får fleire barn tett i større grad kan velje andre tilsynsordningar. Det er viktig å merke seg at desse tala kan vere noko usikre. For mange kommunar, særleg større kommunar, er det vanskeleg å skulle gje opp eit total tal på barn med syskenmoderasjon i kommunen.

## 2.10. Private barnehagar i kommunane

Det er 86 prosent av dei kommunane som har privat barnehagetilbod som gjer opp at dei kommunale rabattordningane også gjeld for dei private barnehagane i

kommunen. Av desse kommunane nyttar 26 prosent inntektsgraderte satsar gjennom det ordinære betalingssystemet. Det er mindre regionale skilnader når det gjeld bruk av kommunane sine moderasjonsordningar i dei private barnehagane. Om lag 32 prosent av kommunane gjer opp at dei ikkje har private barnehagar i kommunen i januar 2009.

**Figur 2.4. Kommunar med ulike rabattordningar. Prosent. Januar 2009**



## 2.11. Talet på betalingsmånader

Dei aller fleste kommunane har foreldrebetaling for heilårsopphald fordelt på 11 månadlege betalingar, nærmare bestemt 99 prosent. Berre 1 av dei 428 kommunar har foreldrebetalinga fordelt på 12 månader, medan 2 kommunar har fordelt på 10 månader. Desse tall er basert på august 2008 rapportering.

## 2.12. Kostpengar og tilleggsutgifter

Etter forskrift om foreldrebetaling kan kommunane krevje inn kostpengar utover maksimalgrensa og om lag 90 prosent av kommunane krev inn kostpengar separat. Kostpengar kan variere frå barnehage til barnehage og satsen som blir henta inn er ein gjennomsnittleg sats for alle barnehagane i kommunen. Undersøkinga tek berre omsyn til dei tilfella kor kostpengar blir spesifisert nærmare. I undersøkinga er det ikkje teke med kostpengar som er avtalt direkte mellom den enkelte barnehagen og dei føresette. Dette fører til at samanlikningane mellom fylke kan vere noko usikre. I gjennomsnitt blir det kravd inn eit beløp på i overkant av 181 kr i månaden for fulltidsopphald. 6 prosent av kommunane opplysar at dei ikkje veit kor mykje kostpengar utgjer av opphaldsbetalinga enten dei er inkludert eller ikkje.

I tillegg er det ein del kommunar som krev inn andre utgifter utover sjølve opphaldsbetalinga og kostpengar. Det kan vere utgifter til utflukter, ulike aktivitetar med meir. 10 prosent av kommunane gjer opp at dei krev inn slike utgifter. Det er noko usikkert i korleis grad undersøkinga fangar opp desse utgiftene ettersom opplysningane er henta inn på kommunenivå og ikkje i den enkelte barnehagen. I gjennomsnitt blir det kravd inn et beløp på i underkant av 74 kroner per måned. Det er berre to kommunar som ikkje veit kor mykje dei betaler for utgifter til utflukter.

## 2.13. Eigne betalingssettar for barn under 3 år

Berre 6 av 428 (ca. 1 prosent) kommunar har egne betalingssettar for barn under 3 år per januar 2009.

### 3. Betalingssatsar i private barnehagar

#### 3.1. Månadssatsar og årsbetaling etter region og på landsbasis


For januar 2008 og januar 2009 er det rekna ut landsgjennomsnitt der dei ulike regionane er vekta saman på bakgrunn av talet på barn i private barnehagar. Innan regionane er det teke eit simpelt gjennomsnitt.

72 prosent av dei private barnehagane gjer opp at dei nyttar ein maksimumssats som følgjer fastsett maksimalsats på 2 330 kroner frå Stortinget. For dei private barnehagane er det ikkje henta inn betalingssatsar på ulike punktobservasjonar for ulike inntektsnivå, men for ulike førehandsdefinerte inntektsintervall. Gjennomsnittleg månadssats og årsbetaling i dei private barnehagane er dermed i større grad basert på heile betalingssystemet i barnehagen. I rapporteringar for august 2006 har barnehagane berre gjeve opp den mest nytta fullprissatsen, tal frå perioden august 2006 kan difor ikkje bli samanlikna med tidlegare publiserte tal for same periode.

Den gjennomsnittlege månadssatsen utan kostpengar og andre tilleggsutgifter i private barnehagar på landsbasis er **2 253** kroner per januar 2009, ingen endring frå januar 2008. Satsane varierer mellom dei ulike regionane frå **2 045** kroner i Agder/Rogaland til **2 319** kroner Nord-Noreg. Talla er illustrerte i tabell A5 i vedlegget.

Dei relativ små endringane denne perioden skuldast i all hovudsak at barnehagane no har tilpassa seg ein maksimalsats på 2 330 kroner. Det synast at det i større grad nyttes kostpengar og andre tilleggsutgifter til å justere foreldrebetalinga utover maksimalsatsen.

**Figur 3.1. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region og betalingsår. Private barnehagar. Januar 2008 og januar 2009**



For hushald med *eit* barn i barnehage varierer årsbetalinga inkludert kostpengar og andre tilleggsutgifter i private barnehagar for januar 2009 mellom **25 921** kroner i Agder og Rogaland og **28 216** kroner i Trøndelag. Den gjennomsnittlege årsbetalinga for heile landet var **27 613** kroner i januar 2009, som er ein oppgang på 1,2 prosent frå januar 2008. Tala er illustrerte i tabell A5 i vedlegget.

For hushald med *to* barn i barnehage ligg årsbetalinga mellom **45 071** kroner i Agder og Rogaland og **48 662** kroner i Trøndelag. På landsbasis er gjennomsnittssatsen **47 513** kroner, ein oppgang på 1,3 prosent frå januar i fjor.

### 3.2. Inntektsgradering

Om lag 86 prosent av kommunane gjer opp at dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane. Av desse kommunane nyttar 26 prosent inntektsgraderte satsar gjennom sitt ordinære betalingssystem. Legg ein utvalet av dei private barnehagane til grunn er det 22 prosent som gjer opp at dei byr inntektsgraderte satsar. I likskap med kommunane er det også for dei private barnehagane mest vanleg med "flate" betalingssatsar. Inntektsgraderte satsar synast å vere mest utbreidd på Austlandet og i Agder/Rogaland. Berre ein privat barnehage gjer opp at dei nyttar inntektsgraderte satsar i Trøndelag og ingen gjer det i Nord-Noreg.

### 3.3. Friplass/rabattordningar

18 prosent av utvalet gjer opp at dei byr friplassar gjennom sitt ordinære betalingssystem. Om lag 38 prosent av dei private barnehagane byr friplass og/eller andre moderasjonsordningar etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor.

### 3.4. Syskenmoderasjon

Alle dei private barnehagane i utvalet gjer syskenmoderasjon. 83 prosent av utvalet byr 30 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 2. 4 prosent av utvalet byr ein lågare sats. 79 prosent gjer opp at dei nyttar 50 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 3, medan 8 prosent av utvalet nyttar ein lågare sats.

### 3.5. Talet på betalingsmånader

Dei aller fleste private barnehagane (95 prosent) i utvalet har foreldrebetaling fordelt på 11 månadlege betalingar. Berre 8 barnehagar krev inn fleire enn 11 betalingar, medan ingen barnehage nyttar mindre enn 11 månadlege betalingar.

### 3.6. Kostpengar og tilleggsutgifter

71 prosent av utvalet rapporterer at dei krev inn kostpengar i tillegg til sjølve opphaldsbetalinga. Til samanlikning er det om lag 90 prosent som gjer opp det same av kommunane.

Også dei private barnehagane krev inn tilleggsutgifter. 34 prosent av utvalet rapporterer at dei gjer dette. Dette er klart høgare samanlikna med dei kommunale barnehagane der berre 10 prosent gjer opp det same. Ettersom satsane i dei kommunale barnehagane blir rapportert på kommunenivå vil desse tala vere noko usikre. Vedtak på *barnehagenivå* vil ikkje bli fanga opp for dei kommunale barnehagane.

### 3.7. Eigne betalingssatsar for barn under 3 år

Per januar 2009 er det 3 barnehagar i utvalet som har dette.

## 4. Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar

Gjennomsnittleg årsbetaling *utan* kostpengar og tilleggsutgifter for fulltidsopphald for eit barn i kommunal barnehage ligg på landsbasis på **24 567** kroner per januar 2009. Mange barn i barnehage får ein rabatt i form av syskenmoderasjon. Gjennomsnittleg årsbetaling for barn nr. 2 ligg dermed på **16 230** kroner, medan tilsvarende tal for barn nr. 3 er på **11 964** kroner. Med omsyn til delen av barn som mottek syskenmoderasjon (sjå kapittel 6.9 Syskenmoderasjon for meir informasjon) gir dette ei reell gjennomsnittleg årsbetaling på **23 118** kroner i kommunal barnehage.

I dei private barnehagane er gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn utan kostpengar og tilleggsutgifter på **24 898** kroner per januar 2009, for barn nr. 2 og barn nr. 3 ligg årsbetalinga på høvesvis **17 185** og **12 771** kroner. I gjennomsnitt ligg årsbetalinga i private barnehagar på **23 554** kroner. Om ein tek omsyn til talet på barn i både kommunale og private barnehagane, ligg gjennomsnittleg årsbetaling i barnehagar på **23 318** kroner per januar 2009.

I motsetnad til tidlegare utrekna årsbetalingar for dei kommunale barnehagane er desse gjennomsnittstala i større grad basert på *heile* betalingssystemet til kommunane, ikkje berre på ulike punktobservasjonar. Det er likevel viktig å streke under at satsane er henta inn på førehandsdefinerte inntektsintervall, dermed blir ikkje kommunane sine eigne betalingssystem fanga opp i sin heilskap (gjeld også for dei private betalingssatsane). Kostpengar og tilleggsutgifter er i tillegg trekt frå. Andre moderasjonsordningar utover inntektsgraderte satsar og syskenmoderasjon er ikkje inkludert i desse gjennomsnittstala. Friplassar blir fanga opp i den grad dei er ein del av dei inntektsgraderte betalingssatsane definert innafor barnehagen sitt ordinære betalingssystem. Redusert betaling og friplassar som blir bydd gjennom sosialkontor eller andre organ fell utanfor. Per januar 2008 er gjennomsnittleg årsbetaling i kommunale og private barnehagar utan kostpengar og tilleggsutgifter på **23 326** kroner. Dette gir tinærma ingen endring frå januar 2008 til januar 2009.

## Vedlegg

## Tabellar

Tabell A1. Oversiktsdata for undersøkinga

Fylke	Talet på kommunar i fylket							
	med i undersøkinga	med inntektsgraderte månads-satsar	med flate månads-satsar	med syskenmoderasjon på 30% for barn nr 2	med syskenmoderasjon på 50% for barn nr 3	med kost-pengar i tillegg <sup>2</sup>	med private barnehagar som følgjer kommunale moderasjons-ordningar <sup>1</sup>	med fri plassar/moderasjons-ordningar utanfor det ordinære betalings-systemet
Østfold .....	18	4	14	14	16	17	12	10
Akershus .....	21	20	1	21	19	19	19	8
Oslo .....	13	13	-	13	12	13	12	5
Hedmark .....	22	2	20	18	17	19	17	12
Oppland .....	26	7	19	20	20	23	11	13
Buskerud <sup>3</sup> .....	20	5	15	12	16	19	13	10
Vestfold .....	14	7	7	12	12	12	13	6
Telemark .....	18	9	9	7	14	17	6	10
Aust-Agder .....	15	4	9	7	12	12	10	9
Vest-Agder .....	15	6	9	10	12	15	7	12
Rogaland .....	23	13	10	17	19	19	10	13
Hordaland .....	31	1	30	25	26	30	20	21
Sogn og Fjordane .....	25	2	23	23	23	24	14	10
Møre og Romsdal .....	35	1	34	27	30	33	26	21
Sør-Trøndelag .....	24	5	19	17	19	24	11	18
Nord-Trøndelag .....	24	1	23	18	18	22	12	18
Nordland .....	40	-	39	13	30	30	20	16
Troms .....	25	-	25	11	20	18	12	13
Finnmark .....	19	2	16	3	13	18	6	8
I alt <sup>3</sup> .....	428	102	322	288	348	384	251	233
I alt i prosent .....		23,8	75,2	67,3	81,3	89,7	86,3	54,4

<sup>1</sup> 137 av 428 kommunar gjer opp at dei ikkje har private barnehagar i kommunen<sup>2</sup> 24 av kommunane oppgjer at dei ikkje veit kor mykje kostpengar utgjer<sup>3</sup> 4 av kommunane har gratis barnehagetilbud



Tabell A2a. Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kostpengar og tilleggsutgifter				
	Min	Bruttoinntekt kr.			Maks
		250000	375000	500000	
<b>Østfold</b>					
jan.08 .....	1649	2263	2324	2324	2324
jan.09 .....	1963	2313	2323	2323	2323
Pst. endring .....	19,0	2,2	0,0	0,0	0,0
<b>Akershus</b>					
jan.08 .....	1011	1804	2242	2327	2328
jan.09 .....	943	1826	2263	2329	2329
Pst. endring .....	-6,8	1,2	0,9	0,1	0,0
<b>Oslo</b>					
jan.08 .....	639	1933	2192	2192	2192
jan.09 .....	639	1933	2192	2192	2192
Pst. endring .....	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
<b>Hedmark</b>					
jan.08 .....	2218	2288	2288	2288	2288
jan.09 .....	2241	2294	2294	2294	2294
Pst. endring .....	1,0	0,3	0,3	0,3	0,3
<b>Oppland</b>					
jan.08 .....	2065	2220	2251	2314	2318
jan.09 .....	2068	2224	2258	2317	2321
Pst. endring .....	0,2	0,1	0,3	0,1	0,1
<b>Buskerud</b>					
jan.08 .....	1453	2129	2211	2325	2325
jan.09 .....	1529	2155	2236	2327	2327
Pst. endring .....	5,2	1,2	1,2	0,1	0,1
<b>Vestfold</b>					
jan.08 .....	1393	1846	2167	2304	2304
jan.09 .....	1328	1851	2205	2304	2304
Pst. Endring .....	-4,7	0,3	1,7	0,0	0,0
<b>Telemark</b>					
jan.08 .....	1338	2040	2296	2329	2329
jan.09 .....	1339	2041	2297	2330	2330
Pst. Endring .....	0,1	0,0	0,0	0,0	0,0
<b>Aust-Agder</b>					
jan.08 .....	1836	2065	2266	2266	2266
jan.09 .....	1663	2082	2164	2178	2178
Pst. Endring .....	-9,4	0,8	-4,5	-3,9	-3,9
<b>Vest-Agder</b>					
jan.08 .....	1556	1836	2269	2269	2272
jan.09 .....	1570	1823	2254	2254	2256
Pst. Endring .....	0,9	-0,8	-0,7	-0,7	-0,7
<b>Rogaland</b>					
jan.08 .....	1733	2120	2228	2293	2302
jan.09 .....	1752	2132	2237	2306	2321
Pst. Endring .....	1,1	0,6	0,4	0,6	0,8
<b>Hordaland</b>					
jan.08 .....	1543	2367	2367	2367	2367
jan.09 .....	1510	2325	2325	2325	2325
Pst. Endring .....	-2,2	-1,8	-1,8	-1,8	-1,8
<b>Sogn og Fjordane</b>					
jan.08 .....	2223	2223	2323	2323	2323
jan.09 .....	2223	2223	2324	2324	2324
Pst. Endring .....	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
<b>Møre og Romsdal</b>					
jan.08 .....	2303	2310	2310	2310	2310
jan.09 .....	2303	2310	2310	2310	2310
Pst. Endring .....	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
<b>Sør-Trøndelag</b>					
jan.08 .....	2195	2325	2329	2329	2329
jan.09 .....	2172	2270	2309	2309	2309
Pst. Endring .....	-1,0	-2,4	-0,8	-0,8	-0,8
<b>Nord-Trøndelag</b>					
jan.08 .....	2271	2284	2284	2284	2284
jan.09 .....	2281	2302	2302	2302	2302
Pst. Endring .....	0,4	0,8	0,8	0,8	0,8
<b>Nordland</b>					
jan.08 .....	2287	2287	2287	2287	2287
jan.09 .....	2291	2291	2291	2291	2291
Pst. Endring .....	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2

Tabell A2a (framhald). Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kostpengar og tilleggsutgifter					Maks
	Min	Bruttoinntekt kr.			500000	
		250000	375000			
<b>Troms</b>						
jan.08 .....	2270	2270	2270	2270	2270	2270
jan.09 .....	2267	2267	2267	2267	2267	2267
Pst. Endring .....	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2
<b>Finnmark</b>						
jan.08 .....	2283	2295	2307	2307	2307	2307
jan.09 .....	2276	2276	2289	2289	2289	2289
Pst. Endring .....	-0,3	-0,8	-0,8	-0,8	-0,8	-0,8
<b>Heile landet totalt</b>						
jan.08	1596	2114	2265	2296	2297	2297
jan.09	1596	2113	2265	2291	2293	2293
Pst. Endring	0,0	0,0	0,0	-0,2	-0,2	-0,2

Tabell A2b. Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpenger og tilleggsutgifter									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Østfold</b>										
jan.08	20398	27148	27819	27819	27819	35186	46621	47762	47762	47762
jan.09	24032	27881	27991	27991	27991	41361	47813	47978	47978	47978
Pst. Endring	17,8	2,7	0,6	0,6	0,6	17,5	2,6	0,5	0,5	0,5
<b>Akershus</b>										
jan.08	12536	21262	26081	27014	27023	21734	36569	44762	46348	46364
jan.09	12033	21747	26554	27278	27278	20954	37468	45641	46872	46872
Pst. Endring	-4,0	2,3	1,8	1,0	0,9	-3,6	2,5	2,0	1,1	1,1
<b>Oslo</b>										
jan.08	8622	22856	25705	25705	25705	15136	39334	44177	44177	44177
jan.09	8547	22781	25630	25630	25630	14986	39183	44027	44027	44027
Pst. Endring	-0,9	-0,3	-0,3	-0,3	-0,3	-1,0	-0,4	-0,3	-0,3	-0,3
<b>Hedmark</b>										
jan.08	26101	26863	26863	26863	26863	44836	46075	46075	46075	46075
jan.09	26485	27064	27064	27064	27064	45270	46232	46232	46232	46232
Pst. Endring	1,5	0,7	0,7	0,7	0,7	1,0	0,3	0,3	0,3	0,3
<b>Oppland</b>										
jan.08	24797	26510	26851	27537	27580	42254	45112	45676	46831	46896
jan.09	24984	26697	27072	27725	27768	42739	45597	46214	47318	47383
Pst. Endring	0,8	0,7	0,8	0,7	0,7	1,1	1,1	1,2	1,0	1,0
<b>Buskerud</b>										
jan.08	17403	24837	25736	26996	26996	29150	40614	42056	43946	43946
jan.09	18803	25680	26579	27575	27575	31904	43378	44820	46514	46514
Pst. Endring	8,0	3,4	3,3	2,1	2,1	9,4	6,8	6,6	5,8	5,8
<b>Vestfold</b>										
jan.08	17018	21996	25535	27035	27035	29125	37101	42633	44919	44919
jan.09	15922	21674	25570	26655	26655	27389	36657	42736	44400	44400
Pst. Endring	-6,4	-1,5	0,1	-1,4	-1,4	-6,0	-1,2	0,2	-1,2	-1,2
<b>Telemark</b>										
jan.08	16030	23758	26572	26934	26934	26303	38830	43266	43810	43810
jan.09	16179	23907	26721	27083	27083	26596	39123	43559	44102	44102
Pst. Endring	0,9	0,6	0,6	0,6	0,6	1,1	0,8	0,7	0,7	0,7
<b>Aust-Agder</b>										
jan.08	22000	25118	26736	26736	26736	36991	42196	44914	44914	44914
jan.09	19753	24359	25263	25410	25410	33420	41154	42691	42911	42911
Pst. Endring	-10,2	-3,0	-5,5	-5,0	-5,0	-9,7	-2,5	-4,9	-4,5	-4,5
<b>Vest-Agder</b>										
jan.08	19226	22314	27075	27075	27104	32477	37660	45705	45705	45748
jan.09	19351	22124	26873	26873	26887	33243	37941	45980	45980	46002
Pst. Endring	0,7	-0,9	-0,7	-0,7	-0,8	2,4	0,7	0,6	0,6	0,6
<b>Rogaland</b>										
jan.08	20778	25042	26231	26937	27042	35424	42534	44531	45671	45850
jan.09	21018	25193	26330	27062	27223	36244	43192	45095	46291	46548
Pst. Endring	1,2	0,6	0,4	0,5	0,7	2,3	1,5	1,3	1,4	1,5
<b>Hordaland</b>										
jan.08	17804	26868	26868	26868	26868	30478	45886	45886	45886	45886
jan.09	18263	27232	27232	27232	27232	31500	46747	46747	46747	46747
Pst. Endring	2,6	1,4	1,4	1,4	1,4	3,4	1,9	1,9	1,9	1,9
<b>Sogn og Fjordane</b>										
jan.08	25871	25871	26972	26972	26972	44200	44200	46071	46071	46071
jan.09	26116	26116	27217	27217	27217	44687	44687	46559	46559	46559
Pst. Endring	0,9	0,9	0,9	0,9	0,9	1,1	1,1	1,1	1,1	1,1
<b>Møre og Romsdal</b>										
jan.08	27092	27162	27162	27162	27162	46109	46233	46233	46233	46233
jan.09	27204	27278	27278	27278	27278	46272	46398	46398	46398	46398
Pst. Endring	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
<b>Sør-Trøndelag</b>										
jan.08	26465	27899	27937	27937	27937	45484	47922	47979	47979	47979
jan.09	26217	27287	27725	27725	27725	45061	46880	47616	47616	47616
Pst. Endring	-0,9	-2,2	-0,8	-0,8	-0,8	-0,9	-2,2	-0,8	-0,8	-0,8
<b>Nord-Trøndelag</b>										
jan.08	26502	26640	26640	26640	26640	44921	45157	45157	45157	45157
jan.09	26767	26996	26996	26996	26996	45558	45948	45948	45948	45948
Pst. Endring	1,0	1,3	1,3	1,3	1,3	1,4	1,8	1,8	1,8	1,8
<b>Nordland</b>										
jan.08	26910	26910	26910	26910	26910	43468	43468	43468	43468	43468
jan.09	27176	27176	27176	27176	27176	43808	43808	43808	43808	43808
Pst. Endring	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8

Tabell A2b (framhald). Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar og tilleggsutgifter									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Troms</b>										
jan.08 .....	27078	27078	27078	27078	27078	45715	45715	45715	45715	45715
jan.09 .....	27067	27067	27067	27067	27067	45870	45870	45870	45870	45870
Pst. endring .....	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3
<b>Finnmark</b>										
jan.08 .....	27119	27249	27383	27383	27383	43110	43330	43558	43558	43558
jan.09 .....	27057	27057	27190	27190	27190	43059	43059	43287	43287	43287
Pst. endring .....	-0,2	-0,7	-0,7	-0,7	-0,7	-0,1	-0,6	-0,6	-0,6	-0,6
<b>Heile landet</b>										
jan.08 .....	19224	24923	26574	26919	26931	32684	42257	45021	45575	45596
jan.09 .....	19361	25050	26713	27003	27019	33028	42624	45405	45881	45907
Pst. endring .....	0,7	0,5	0,5	0,3	0,3	1,1	0,9	0,9	0,7	0,7

**Tabell A3 Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt. 1992-2009<sup>1</sup>**

	Månadssatsar, utan kostpengar og tilleggsutgifter					Årsbetaling, inkludert kostpengar og tilleggsutgifter <sup>3</sup>									
						Eit barn, brutto inntekt kr.					To barn, brutto inntekt kr.				
	Min	250 000	375 000	500 000	Maks	Min	250 000	375 000	500 000	Maks	Min	250 000	375 000	500 000	Maks
jan.92 .....		1 961	2 123			22 133	23 903				34 730	37 406			
aug.92 .....		1 979	2 143			22 399	24 195				35 019	37 738			
jan.93 .....		2 002	2 180			22 615	24 566				35 490	38 450			
aug.93 .....		2 007	2 202			22 745	24 881				35 985	39 224			
jan.94 .....		2 082	2 273			23 499	25 589				37 223	40 402			
aug.94 .....		2 130	2 297			24 084	25 906				38 139	40 909			
jan.95 .....		2 169	2 344			24 446	26 371				38 715	41 639			
aug.95 .....		2 176	2 342			24 638	26 452				39 143	41 893			
jan.96 .....		2 229	2 403			25 151	27 053				39 937	42 817			
aug.96 .....		2 263	2 448			25 549	27 574				40 700	43 785			
jan.97 .....		2 339	2 527			26 497	28 544				42 406	45 532			
aug.97 .....		2 354	2 563			26 706	28 990				42 798	46 299			
jan.98 .....		2 404	2 619			27 153	29 498				43 405	46 999			
aug.98 .....		2 415	2 640			27 335	29 800				43 751	47 532			
jan.99 .....		2 525	2 758			28 612	31 155				45 978	49 875			
aug.99 .....		2 567	2 791			29 111	31 568				46 935	50 701			
jan.00 .....		2 629	2 857	2 946		29 756	32 251	33 206			48 041	51 871	53 336		
aug.00 .....		2 661	2 912	3 002		30 035	32 765	33 735			48 469	52 655	54 151		
jan.01 .....		2 723	2 985	3 074		30 809	33 671	34 627			49 780	54 168	55 636		
aug.01 .....		2 700	2 953	3 032		30 656	33 437	34 297			49 510	53 746	55 046		
jan.02 <sup>2</sup> .....		2 644	3 095	3 179		29 696	34 625	35 535			47 845	55 394	56 797		
aug.02 .....		2 558	2 980	3 058		28 748	33 374	34 226			46 430	53 532	54 845		
jan.03 .....	1 565	2 579	3 008	3 097	3 193	17 855	28 965	33 666	34 646	35 681	29 231	46 851	54 058	55 567	57 512
aug.03 .....	1 491	2 385	2 763	2 851	2 949	17 064	26 843	30 991	31 950	33 023	28 299	44 298	50 706	52 204	53 846
jan.04 .....	1 480	2 360	2 731	2 805	2 903	16 986	26 648	30 731	31 529	32 599	28 401	44 806	51 131	52 380	54 019
aug.04 .....	1 491	2 330	2 659	2 708	2 709	17 074	26 311	29 914	30 429	30 436	28 587	43 996	49 931	50 795	50 806
jan.05 .....	1 514	2 356	2 691	2 741	2 741	17 498	26 746	30 395	30 923	30 923	29 663	45 215	51 322	52 218	52 218
aug.05 .....	1 528	2 352	2 698	2 753	2 753	17 665	26 689	30 422	30 949	30 949	29 941	45 160	51 408	52 328	52 328
jan.06 .....	1 289	2 010	2 199	2 257	2 257	15 166	23 076	25 129	25 742	25 742	25 739	39 040	42 462	43 483	43 483
aug.06 .....	1 345	1 955	2 167	2 220	2 247	15 895	22 611	24 943	25 519	25 824	27 140	38 574	42 471	43 429	43 947
jan.07 .....	1 400	2 017	2 235	2 289	2 318	16 560	23 348	25 743	26 338	26 653	28 223	39 609	43 612	44 599	45 135
aug.07 .....	1 534	2 094	2 246	2 291	2 309	18 239	24 392	26 069	26 563	26 763	30 840	41 185	43 984	44 808	45 151
jan.08 .....	1 596	2 114	2 265	2 296	2 297	19 224	24 923	26 574	26 919	26 931	32 684	42 257	45 021	45 575	45 596
jan.09 .....	1 596	2 113	2 265	2 291	2 293	19 361	25 050	26 713	27 003	27 019	33 028	42 624	45 405	45 881	45 907
Pst. endring															
jan.92-jan.09		7,8	6,7				12,6	11,2				21,7	20,4		

<sup>1</sup> På grunn av ny informasjon kan data frå tidlegare målingar ha blitt noko endra.

<sup>2</sup> Fra og med januar 2002 er gjennomsnittssatsane vekta i motsetnad til tidlegare der uvekta snitt har vorte nytta.

<sup>3</sup> Tilleggsutgifter er inkludert frå og med august 2006 og januar 2007.

Tabell A4. Oversiktsdata for kommunale barnehagar. 2007-2009

	Talet på kommunar							
	med i undersøkinga	med inntektsgraderte månads-satsar	med flate månads-satsar	med syskenmoderasjon på 30% for barn nr 2	med syskenmoderasjon på 50% for barn nr 3	med kost-pengar i tillegg	med private barnehagar som følgjer kommunale moderasjons-ordningar	med fri plassar/moderasjons-ordningar utanfor det ordinære betalings-systemet
jan.07 .....	416	94	322	270	348	365	297	358
jan.08 <sup>1</sup> .....	399	93	303	257	324	346	235	211
jan.09 .....	428	102	322	288	348	384	251	233

<sup>1</sup> Syskenmoderasjon tell ikkje i kommunar med gratis barnehagetilbod og kommunar utan kommunalt barnehagetilbod.

Tabell A5. Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar

Området	Månedsbetaling utan kost			Årsbetaling inkludert kostpengar og andre tilleggsutgifter					
	Eit barn			Eit barn			To barn		
	jan.08	jan.09	Endr. i pst.	jan.08	jan.09	Endr. i pst.	jan.08	jan.09	Endr. i pst.
Austlandet .....	2299	2299	0,0	27931	28135	0,7	47714	48158	0,9
Agder/Rogaland .....	2063	2045	-0,9	25225	25921	2,8	43616	45071	3,3
Vestlandet .....	2266	2269	0,1	27179	27393	0,8	47425	47870	0,9
Trøndelag .....	2266	2283	0,8	27600	28216	2,2	48059	48662	1,3
Nord-Noreg .....	2295	2319	1,0	27404	27740	1,2	46169	46518	0,8
Heile landet .....	2253	2253	0,0	27289	27613	1,2	46904	47513	1,3

## Figur- og tabellregister

### Figurregister

#### 2. Betalinssats i kommunale barnehagar

2.1.	Gjennomsnittlege månadssatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 250 000 kroner. Januar 2009 .....	8
2.2.	Gjennomsnittlege månadssatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. Januar 2009 .....	9
2.3.	Talet på kommunar som byr inntektsgraderte betalingsatsar etter hushaldet si samla brutto årsinntekt. Januar 2009 .....	10
2.4.	Kommunar med ulike rabattordningar. Prosent. Januar 2009 .....	12

#### 3. Betalingsatsar i private barnehagar

3.1.	Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region og betalingsår. Private barnehagar. Januar 2008 og januar 2009 .....	13
------	--	----

### Tabellregister

#### Vedlegg

A1.	Oversiktsdata for undersøkinga .....	16
A2a.	Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt .....	17
A2b.	Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt .....	19
A3	Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt. 1992-20091 .....	21
A4	Oversiktsdata for kommunale barnehagar. 2007-2009 .....	22
A5.	Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar .....	23